

ER «HEIDNINGE-TIDENE» SNART SLUTT? AV OSCAR HANDELAND

Denne artikkelen er ingen teologisk utgreiing. Det eg vil prøva å taka fram, er enkle lekmanns-tankar om dette emnet.

I dei seinare år har eg arbeidt ikkje so lite med spursmålet om folkeflyttingar og misjon. Eg trur at folkeflyttingar har spelt ei større rolle for kristendomen og den kristne misjonen enn historie-skrivarane til denne tid har lagt merke til.

Vår tid er rik på folkeflyttingar. I «Svenska Morgonbladet» sto det kort etter nyår to artiklar om «Modern folkvandring». Forfatteren skreiv der at i åra 1917–1944 var det 25 millionar menneske bare i Aust- og Mellom-Europa som blei tvinga ut på vandring. Og i åra 1945–1951 er det minst 30 millionar europearar som «en eller flera gånger fördrivits, flytt eller frivilligt låtit sig förflyttas från et land till et annat eller från en besättningszon till en annan, de flesta väl utan hopp om att någonsin få återse sitt gamla hemland.»

Legg ein so til alle dei som levde på flyttefot i Asia i same tid, so kjem ein truleg opp i det dobbelte tal.

Men der er *ei* folkeflytting i vår tid som skil seg ut frå dei andre, so vidt eg kan sjå. Det er den jødiske folkeflytting *heim* til Israel. Der går ikkje straumen bort frå heimlandet, men tilbake til det. I åra 1948–1950 steig talet på jødar i Israel frå 650 000 til over 1 200 000, og desse kom frå over 60 land i alle verdensdeler. Og straumen varer ved.

Dette hender etter at Palestina har vore mest tomt for jødar i over 1800 år! Og dei kjem ikkje bare tilbake til sitt gamle land, men dei får ein nasjonal heim der; Israel har nå i snart 4 år vore ein sjølstendig stat med halvparten av Jerusalem til hovedstad.

Det er dette som i våre dagar har skapt spursmålet: Augnar me nå den tida som Jesus såg fram mot då han sa om jødane: «Dei

skal falla for sverdseggen og førast hertekne bort til alle heidningefolk, og Jerusalem skal heidningene trø under fot til *heidningetidene er ute.*» Luk. 21, 24.

Før me kan sjå nærare på dette, må me prøva å få litt greie på kva «heidningetidene» er.

So langt eg veit, finst dette ordet bare på denne eine staden i Bibelen, og det er ikkje lett å tyda. Ein ser då ogso at mellom bibeltolkarane er det ulike meiningar om kva ein skal leggja i ordet. Eg trur ein kan seia at *tolkinga ofte vil retta seg etter det grunnsyn* tolkaren har på Bibelen og serskilt på det me kallar «dei siste tider».

Lat meg so kort som det er råd, nemna tri tolkingar av dette omgrepet.

Ei gruppe bibeltolkarar meiner at heidningetidene er den tid då Gud etter sitt råd let heidningene ha herrevelde over Jerusalem. Ikkje meir og ikkje mindre tydar ordet.

Andre synest at dette er ei altfor sjølsagt og difor nærast innhaldslaus tolking. «Dermed ville det jo bare være sagt at tiden for heidningenes herredømme over Jerusalem ikke skal vare lenger enn så lenge den etter Guds verdensstyrelse skal vare, hva der dog synes temmelig selvsagt, eller rettere temmelig intetsigende,» seier professor Odland.

Han og mange andre meiner at *heidningetidene er den tid* då Gud let heidningane ha veldet på jorda, og det vil seia heilt frå det fanst folkeslag til og fram til slutten på denne tidsalder. Slutten på heidningetidene er ogso slutten på «det nærværende verdensløp».

Men der er ei tredje tolking, som går ut på at skal ein få tak i den rette meining, so må ein stella Israels tid opp mot heidningetidene. Israel hadde si tid, det var utvalt av Gud til å bera bodet om frelse ut over jorda, men det svikta og skuva oppgåva i frå seg. Difor sat Jesus på Oljeberget og gret over Jerusalem fordi folket ikkje skjøna si gjestingstid.

So fekk heidningane tilbodet, og dei tok imot det. Etter aposteltida er det folk av heidningætt som har bore evangeliet ut over jorda, mens jødane har forherda seg. Men Paulus, som varsla at *heidningane ville ta imot evangeliet*, han varslar ogso i Rom. 11 at det skal koma ei tid då Israel vender om; han seier til og med

at heile Israel skal bli frelst. Og med dette vil det renna ei ny tid over verda. Det vil bli som «liv av døde» når Israel atter blir motteke av Gud.

Då er heidninge-tidene slutt. For då vil jødar atter gå i brodden for den kristne misjon, soleis som dei gjorde i aposteltida.

Dette er i korte drag den tredje tolking, og den som eg synest er mest i samsvar både med Bibelen og kyrkjhistoria. Eg kan ikkje grunngi dette nærare her, men må gå over til sjølvve hoved-spursmålet i emnet: Er det noko som tydar på at «heidninge-tidene» i denne meining snart er slutt? Er det teikn til at førarskapen i arbeidet med å forkynna Kristus atter kan koma til å gå over til Israel?

*

Lat oss då først ta føre oss det Bibelen kallar folkeslaga, dei av heidningeætt, alle utanom jødefolket. Ser me etter, so finn me eit sterkt *tvidrag* i folkeverda, og ikkje minst i dei land der kristendomen nyleg har slått rot, i dei land som me plar kalla misjonsmarker. Der er veldige motstraumar mot kristendomen og mot all religion i vanleg meining av ordet. Eg treng bare å nemna kommunismen og det som har hendt i China dei siste 3 åra. Denne straumen er vel sterkast nå i heidningeverda.

Men der er ogso ein sterk straum som går i motsett leid. Der er store vekkjarar, serskilt i Afrika. Det hender «under og teikn» som i aposteltida. Talet på dei døypte, t. eks. i Aust-, Vest- og Sentral-Afrika, har auka med fleire millionar på få år. I landet Buganda nord og nordvest for Viktoria-sjøen er nå mest 3/4 av folket døypt.

Eit samlande serdrag ved det Bibelen kallar folkeslaga, det er at alt er i *omforming*. Alt har kome i smeltedigelen. Den tusenår gamle ro og stillstand som kvilte over Asia og Afrika, er borte. Sopt bort! *Alt* kan henda. Ogso det let seg tenkja at dersom folkeslaga blir vonbrotne og misser trua på det dei har halde seg til før, so *kan* dei koma til å venda seg til Kristus. Det let seg tenkja, og det er ingen urimeleg tanke heller, at Gud vil bruka kommunismen til å rydda bort den gamle avguds-dyrkinga saman med kraftlaus og død kristendom, og so etterpå syna at heller ikkje kommunismen maktar å skapa folkelukka. So ligg vegen open for Kristus.

Der er ogso noko anna ved «folkeslaga» i dag som eg vil peika på.

Me har alt vore inne på den kjensgjerning at jødane som folk sa nei til å bera evangeliet ut over jorda, og so kom heidningane i staden. Etter aposteltida er det folk av heidningætt som dominerar i historia om den kristne misjonen. Det er ei mektig og monumental saga som ennå ikkje er skreven slik som ho burde skrivast. Ikkje minst er det merkeleg å sjå at Gud oftast valde ut dei folk som sto fremst i kulturutvikling til å bera korsfana.

Når det gjeld *personane*, so slår det nok ofte til at Gud valde seg ut det som var lågt og ringt i verda. Men det slår ikkje til når det gjeld folkeslaga. Då valde han oftast ut dei fremste, dei som sto høgst i kultur og stundom ogso i makt. Bare sjå etter.

Då jødefolket sa nei til Kristus, var det grekarane og syrarane som fekk førarskapen i den kristne kyrkja og i misjonen. Grekarane vende seg serskilt mot vest og syrarane mot aust. Båe sto dei høgt i kultur. Etter grekarane kom romarane i brodden. Ogso dei var eit kulturfolk og har likeeins som grekarane sett merke som aldri blir strokne ut både på den ålmene verdskulturen og på kyrkja. Ikkje minst sette Røym sitt merke på dei vest-europeiske folk som har blanda latinsk og germansk rot: portugisarane, spaniarane, franskmennene og italienarane. Desse var det som før første gong dreiv verkeleg verdsmisjon i 1500 og 1600 talet samstundes med at dei utvida veldet for den kvite rasen både til Amerika, Asia og Afrika.

I den siste store misjonstid som ennå varer, er det germanane som har gått i brodden, og mellom germanane har angelsaksarane serskilt merkt seg ut. England var vogga for den moderne heidningemisjonen. I dag er tyngdepunktet flytt til USA, men det er framleis den angelsaksiske folkegreina som går fremst.

USA er den sterkaste stormakt på jorda i vår tid, og kristenfolket der legg for dagen ein offervilje og arbeidshug og eit mot til å ta ansvar som er makelaus. Men vil dei makta å løysa dei veldige oppgåvene som melder seg nå og i framtida? Maktar dei det nå då Europa er blitt so mykje veikare, serskilt i pengemakt? Dette spørsmålsteiknet står nå stort og klårt over folkeslaga av heidningætt, for alle som fylgjer med. Tenk om kommunistane skulle slå under seg Nord- og Vest-Europa. So blei Amerika aleine av dei gamle kristne land om å bera fram den kristne misjonen.

Men dette er ikkje det einaste spursmålsteiknet som står skreve over Europa. Der er eitt til som er ennå meir ålvorsamt. Kva vil Europa gjera med Kristus i dag? Eingong for lenge sidan tok folkeslaga i Europa imot Kristus, i alle fall i det ytre. Vil dei nå med vilje vraka han soleis som jødane gjorde for 1900 år sidan? Det står og vippar i mange land, og me her i nord er ogso i faresonen.

*

Men er det då noko teikn til at *jødane* atter kan bli med i det kristne korstoget, og ikkje bare det, men at dei kan bli faneberarar og gå fremst som dei gjorde i den første kristentid?

Til det kan ein svara at det har gått føre seg eit veldig omskifte i den jødiske folkeverda dei siste mannsaldrane. Ogso der er alt i omforming, ogso hjå dei kan det utrulege henda på kort tid.

Korleis var det for to mannsaldrar sidan, før sionismen braut fram og reiste merket: Tilbake til Palestina! Då var det to typer som dominerte mellom jødane: getto-jøden og assimilasjons-jøden. Den første typen, som ein serskilt fann i Nord-Afrika og i Russland og Polen, levde som jødane hadde gjort i hundretals år i serskilte kvarter i byane og landsbyane, for det meste fattig, ofte i djupaste armød og hundsa av folkeslaga dei budde hjå. Dei var ein levning frå mellomalderen. Men draumen om Messias og om Jerusalem og Palestina levde hjå desse folk, som studerte Moselova natt og dag og levde etter henne so godt dei kunne mellom heidningane.

Den andre typen, assimilasjons-jøden, som ein serskilt fann i Amerika og Vest-Europa, var eit produkt av det 19. hundreåret. Han hadde sprengt gjerdet omkring jødekwarteret, og steig ut i det moderne livet med bae føter. Han ville ikkje lenger vera jøde, idealet for han var å gå opp i det folket han budde hjå, anten det nå var det tyske, det franske, det engelske eller det amerikanske.

Chaim Weizmann, som nå er president i Israel, fortel at då han i 1892 kom til Tyskland og gjekk på ein jødisk skule der, spurte ein av lærarane, som var jøde, kva nasjon han hørde til. Eg er russisk jøde, svara Weizmann. Læraren glodde først på den unge mannen som han skulle ha vore eit rart dyr, og so slo han latter-

døra opp på vid vegg. Ein russisk jøde! Det var både komisk og meiningslaust — etter det synet som rådde hjå denne jødetypen. Mange heldt fast på den jødiske religionen, men *jødar?* Nei!

Korleis er det i dag?

Gettojøden vil truleg snart høyra heime bare i historia. Ennå finst det ikkje so få, kanskje serskilt i Nord-Afrika. Men i Polen er dei fleste slegne i hel eller reiste til USA eller Israel, og det same gjeld mange av dei russiske jødanene.

Assimilasjons-jøden er talrik ennå, serskilt i USA. Der bur nå over 5 millionar av dei 11–12 millionar jødar som finst i verda. Storparten av desse trivst godt der dei er, og der er ein sterk jødeorganisasjon, «The American Council for Judaism», som arbeider imot sionismen. Men der er like sterke jødiske organisasjonar i USA som hjelper sionismen og staten Israel av all makt både politisk og økonomisk.

Det er sionismen som i dag er sterkast i jødeverda. Tilbake til Israel! Den nye staten dreg som ein magnet på jødanene, serskilt dei som har det trøgt økonomisk eller er i livsfare. Og millionar som bur ute i verda og har det bra, hjelper den nye staten so godt dei kan.

Alt i alt kan ein seia at den jødiske sjølkjensla har vakse sterkt. Det er ikkje mange nå som helst vil løyna at dei er av jødeætt, endå om dei er imot sionismen. Og sterkare enn før anar jøden at han har eit kall, ei oppgåva i verda.

Ser ein på den religiøse stilling, so er det eit stort omskifte der ogso. Assimilasjons-jøden ville som regel anten prøva å reformera jødedomen, eller so blei han gudlaus. Store mengder blei ateistar, og mange av dei steig fram som førarar for det materialistiske og gudlause livssynet. Her i dei nordiske land har me Georg Brandes som det store eksempel på den gudlause jøden.

I dag er det eit stort omslag. Ennå har nok ateisme og religiøs likesæle eit sterkt tak på jøden. Ein ser det kanskje best i USA, der over 2 millionar av 5 millionar står utanfor synagogen. Men nettopp i USA merker dei i seinare år eit sterkt omslag hjå jødeungdomen, bort frå materialismen. Ved den teologiske høyskulen for jødar i New York, den største i USA, går det nå 1000 studentar, som alle vil bli rabbinarar. Og leiaren for skulen, rabbi Finkelstein,

sa i oktober i fjor til bladet «Time» at om 25 år ville det store fleirtal av dei 5 millionar jødar «in this country» ha vendt tilbake til si gamle tru og halda sabbaten. Han bygde denne spådomen på omslaget hjå dei unge.

Ogso i Israel, der ein nå finn jødar frå heile verda, merker dei i det siste eit omslag hjå ungdomen, *bort* frå materialismen og *til* religionen. Her får den religiøse nyvakning serskilt utslag i at dei unge granskar nytestamentet, og elles andre bøker som fortel om Kristus.

Ein mann som kjenner Israel godt, misjonsdirektør Hedenquist, sa for kort tid sidan i eit foredrag at serskilt dei unge i Israel vil gjerne lesa i Bibelen, som ein nå kan få på hebraisk. Og då hebraisk er det offisielle språk i landet, blir Bibelen ofte lærebok både i språk og geografi, ja han blir som ei heimstadiære for dei. Her finn dei historia om jødefolket og landet. Og her møter dei Israels Gud. Hjå dei unge i Israel i dag møter ein ei sterk lengting etter lys og sanning. Ein kan høyra dei tala om at kanskje vil Messias koma til Israels land og grunna sitt fredsrike.

Det er underleg å høyra dette når ein samstundes tenkjer på at i mange av dei gamle kristne land blir Bibelen og kunnskapen om Kristus meir og meir dreven ut or skulane.

Det er i tilhøvet til *Kristus* at ein finn det største omslaget hjå jødane i dei siste mannsaldrane. Jøden ser vel snautt med blidare augo på dei kristne enn før, men med Kristus er det noko anna.

Før ville ein ortodoks jøde ikkje nemna Kristi namn eingong. Han var utstøytt og bannlyst mellom jødar. I dag merker ein lite til dette gamle hatet. Nå er det tvertimot mange jødar som prisar Kristus både i tale og skrift, og somme seier han er den største jøden som har levt.

Men når det gjeld Kristus, so stansar jøden på halvvegen: Jesus er stor, men han er bare eit *menneske*. Det er svært for ein jøde å forlika seg med den tanken at Kristus er Gud og Guds son. Alle ekte jødar får heilt frå barndomen prenta inn i seg so sterkt dette ordet: «Høyr, Israel, Herren vår Gud, Herren er *ein!*» at dei held det for avgudsdyrking når ein talar om tri personar i Gud.

Men ogso dette under kan henda at jøden går vegen heilt fram og sannar at Kristus er Gud. Det kan henda fortare enn ein trur. For alt er i smeltedigelen, ikkje bare hjå folkeslaga av heidningætt, men ogso hjå Guds gamle eigedomsfolk.

*

Like før den første verdskrigen braut ut i 1914, var det ein norsk politikar som sa at himmelen var skyfri. I dag ville ingen politikar eller noko ansvarleg menneske finna på å seia noko slikt. Tidshimmelen i dag kan ein likna med det ein ser og høyrer når det dreg opp til eit uvanleg sterkt torever. Ute i synsranda veltar det opp blåsvarte skymassar, lyn blinkar, og sterkare og sterkare høyrer ein toreslaga og sus av storm.

Eg trur ikkje ein spår gale om ein seier at me går mot dramatiske tider. Det kan nok bli avspenning for ei tid. Men før eller seinare må oppgjøret koma.

Vil kommunismen vinna Asia og Afrika?

Vil dei kristne på alle misjonsmarker bli underkua soleis som i China nå?

Vil dei to store kjempene, Sovjet og USA, tørna saman? Og kven vil i tilfelle vinna?

Dette er spursmål som sjølve tida reiser, og som tida før eller seinare vil svara på.

Men der er ennå eit spursmål som eg vil stansa litt ved: Kva rolle kjem jødefolket til å spela i dramaet som framtida vil rulla opp for oss? Kva kan ein seia om dette ut frå det me veit i dag?

Alt synest tyda på at landa omkring austenden av Middelhavet vil bli eit viktig område av jorda i den næraste framtid. Her låg tyngdepunktet i den gamle verda, og det kan atter ein gong koma til å liggja her.

For det første spelar dette området alt nå ei stor rolle på grunn av dei rike oljekjeldene som finst der. Dernest er det teikn som tydar på at den gode jorda i desse land atter kan bli dyrka opp og bera rik grøde, som i gamle dagar. I Israel blir landet nå dyrka opp med sjumils-fart, og det blir lagt store planar om vatning og dyrking ogso i Mesopotamia og andre Midaust-land. Men ikkje minst synest

desse land å bli viktige på den måten at her *kan* storoppgjøret mellom aust og vest koma til å stå.

Her har me Suez-kanalen, som er ei livsåra i samferdsla mellom den austlege og vestlege verda. Den vil Sovjet gjerne ha makta over. Og likso gjerne vil det ha makta over oljekjeldene i Irak, Persia og Arabia. Men vestmaktene gir aldri desse frå seg godvillig, i allfall ikkje til Russland eller til makter som er kontrollert av Russland.

Her i dette området, der det er samla so mykje sprengstoff, er Tyrkia og Israel dei einaste maktene som den vestlege verda kan lita på. Og av desse to er det vel bare Israel som verkeleg er eit demokrati i vesterlandsk meining.

Det er vel kjent at England i seinare år, og serskilt då arbeidarpartiet rådde, såg med motvilje på den jødiske folkeflytting og spente imot at Israel skulle bli ein fri stat. Dei var redde for arabarstatane, som ikkje ville vita av ein jødestat i Palestina. Men det kan snart koma vel med for dei demokratiske maktene at det er eit sterkt Israel som legg sitt lodd i vektskåla på den demokratiske sida. Det *har* det gjort. I november i fjor vedtok nasjonalforsamlinga i Israel å gi opp den nøytralitets-politikken den nye staten til den tid hadde ført. Det blei då sagt like ut av statsministeren at dei ville orientera seg vestover.

Det er nok mange som meiner at Israel står ikkje sterkt. Og det er ingen tvil om at vanskaner er enorme. Kom det ikkje pengar frå USA, ville truleg Israel gå fallitt. Den forserte innvandringa gjer at mange lever på sveltgrensa, trass i all nydyrking og atterreiseing. Det som held folk oppe, er at dei får brød og frukt nok. Men rasjonane av dei fleste andre slag matvarer er utruleg små. Kjøt-rasjonen er nå bare 100 gram pr. månad for kvar person, rasjonen av fisk er 300 gram i månaden, og potet-rasjonen 1 kilo. Det gjer det ikkje lettare at det finst veldige motsetningar i folket, som på kort tid er samla frå alle kantar av jorda. Desperate grupper set si æra i å bruka makt, til og med snikmord, mot politiske motmenn.

Og ser ein på dei fiendar som Israel må rekna med, so er dei ikkje å spøkja med. Det er ikkje bare arabarstatane som gjerne såg

Israel utstroe frå kartet, men ogso Sovjet og Vatikanet, to av dei sterkaste makter på jorda i dag. Sovjet vil ikkje ha ein stat med vesterlandske ideal ved austenden av Middelhavet, og Vatikanet vil ha kontroll over Jerusalem med alle minne frå Jesu tid.

Men ser ein på det jøddane har makta å byggja opp etter at dei fekk rådveldet over Israel, so kan ingen tvila på at det er uvanlege krefter som bur i dette folket. Bare det første året Israel var ein fri stat, auka dei det oppdyrka arealet frå 1,2 millionar dekar til 2,2 millionar dekar. Sement-produksjonen pr. månad auka dei første tri åra frå 8000 tonn til 28 500 tonn. I same tid bygde dei over 120 000 nye hus, det vil seia 40 000 om året. Norge, som har omlag dobbelt so stort folketal og langt mindre vanskar enn Israel, har hatt vondt for å greia 20 000 nye husvære (leiligheter) om året.

Ser ein på det åndelege livet, so er innsatsen ikkje mindre. På vel 25 år har dei arbeidd fram det hebraiske universitetet i Jerusalem til den fremste moderne høgskulen i Midaust-landa, med 200 professorar og 1500 studentar og ei boksamling på ein halv million band. Mange av professorane der er kjende over heile jorda. Eller me kan ta Weizmann-instituttet sør for Tel Aviv. Det er endå yngre enn universitetet, men det har alt gjort ein stor innsats når det gjeld å laga planter og jordbruksprodukt om til råvarer for industrien, og soleis skapa grunnlag for ein mangesidig og vidgreina industri i landet.

Eller om ein ser på lesehugen og trongen etter kunnskap, so er det få folk som kan mæla seg med Israel. At det i eit slikt nybyggjarland der folket lever nær sveltegrensa, alt kjem ut over 160 aviser og tidsskrift, og mellom desse 17 dagblad, det må vera eit sersyn. Likeeins at dei legg i veg med eit konversasjonsleksikon på 16 band og mange andre store og vitskapelege verk. Men det aller beste prov for at folket står høgt åndeleg, er at praktisk talt alle jødeborn i Israel går på skule og får god opplæring. Det er mykje, det, slik som tilhøva er i landet.

Slik som det ser ut i dag, er det lite tvil om at Israel blir det faste punkt i Midaust-landa for demokratiet. Men med det same er det ogso sagt at den nye staten kjem til å liggja like i stridslina dersom dei store maktblokkane støyter ihop.

Dette er elles noko som mange bibelgranskarar har set fram mot lenge, ikkje minst i den angelsaksiske verda. Dei har tala og skreve om slaget ved Harmageddon, som skulle stå på den eldgamle slagmarka ved Megiddo nord for Karmel. Etter Opb. 16, 16 blir det den store kraftprøva mellom lys og mørke på jorda.

Slik som dei politiske tilhøva er i dag, *kan* vår generasjon godt koma til å oppleva at det står eit stort og avgjerande slag i Nord-Palestina. Eit slag som avgjer lagnaden for heile jorda.

Men kven skal vinna dette slaget?

Vil kommunismen bli knust der? Eller skal demokratia tapa og staten Israel gå under og sionismen bli knust?

Somme meiner at det er sionismen og ikkje kommunismen som vil bli knust. Dei trur at *då* vil jødefolket for alvor venda seg til Kristus, når alle politiske voner er sløkte.

Andre meiner at Gud sjøl vil gripa inn i den store kraftprøva og berga Israel på underfull vis – endå meir synleg og underfullt enn han gjorde då Israel blei ein fri stat i 1948. Og so er heidningetidene slutt, og den siste store misjonstid bryt inn over jorda.

Eg er ingen profet, som ser inn i framtida. Eg kan heller ikkje seia kven av desse teoriane som er den rette. Eller om kanskje ingen av dei er heilt rett.

Men so mykje trur eg me har rett til å seia:

For det første: Jødefolket skal få landet sitt att og *bli* der, og venda seg til Kristus. Dette trur eg, fordi eg meiner det er varsla i Guds ord.

For det andre: Det *kan* vera slutten på heidningetidene me augnar nå. Me går mot dramatiske tider som me aldri har set make til før. Og der er mykje i det me ser for augo i dag, som peikar fram mot ei heilt ny tid for jødefolket.

Difor vil eg slutta med å seia: Lat oss akta på tidsteikna. Lat oss fylgja med i det som hender. Tid og time for når Herren kjem, skal me ikkje prøva å finna ut, men gudsordet manar oss til å akta på tidsteikna. Det vil hjelpa oss til å *vaka*, so dagen ikkje kjem uventa på oss.